| Namn W712 | Skule [redacted] | Klasse 7. | G | N |
|---|---|---|---|---|

**Skriveoppgåve 2**

Skriv ein tekst der du beskriv kva *snø* er for ein som aldri har sett eller høyrt om dette før.

Der eg bur er det mykje snø, no skal eg beskrive snøen. Snøen er kvit. Den kommer om vinteren og består av luft og vann. Den er kald. Snøen kjem av at det regnar, men regnet blir utsatt for kulde og frysar til snø. Snøfnugga har 6 kantar og ingen er like. Snøen luktar ingenting. Snøen kan minne litt om potetmjøl. Vi kan gå på ski. Ski er lange plater som vi har på oss for å gå oppå snøen, det kan ein med truger óg.

I snøen kan vi lage snøenglar, grave snøhule eller byggje. Vi kan óg lage hopp og løypar.

Konsistensen på snøen kjem an på temperaturen. Er det varmt, blir han kram og festar seg. Då knirkar det når du går på han. Når det er kaldt blir snøen hard og du dett ikkje gjennom. Derimot kan det bli skare.

[redacted]

W712

På ski og alpinanlegg lagar ein snó sjølv nokre gonger. Det gå berre når det er kaldt. Då har dei kanonar som sprøter ut vatn som blir til snó fordi det er så kaldt.

Når snóen kjem kan du gå på ski, truger, renne deg eller noko heilt anna

Du må vere forsiktig når det er kaldt rett etter at det har vore varmt for då frys snóen til is og du kan lett gli på den.

Snóen kommer ofte i November og blir borte i April der eg bur.

Snóen er morosam og leike i men....
... pass deg for snóras. D.v.s. når snóen rasar ned bratte skråningar og fjellsider og det bulldrar som om det skulle vore tordenvær.